

"FIVILA"

Det var ein gong ei kjering som blei kalla Fivila. Ho heitt Anne Tarkjellsdotter Fivilbøen og var frå Møssstrond. Ein vinter var ho til Rinde og vaska huset til jol, og på heimvegen var ho innom Skuldalen. Det var så gjestefrie folk på Skuldalen. Kvar gong dei fekk auge på eit menneske utpå flottene, tok dei til å finne til rettes mat og drikke. Hit kom Fivila, og ho skulle sjølv sagt få både mat og spandering.

Etter ei stund for ho vidare derifrå, nordover vidda på ski. Det var brennkaldt, som det berre kan vera ved joletid ved Møsvatn, og ho fraus av seg båe føtene. Ho hadde krope inn i eit fille sel og sovna. Fyrst tredjedag jol vart ho funnen av møsstrendingar som kom løypande og skulle til Åmotsdal kyrkje.

Etter at ho vart enke flytte ho til Åmotsdal. Endå ho gjekk på knea arbeidde ho, skar eit halvmål åker, baka braud og vaska for folk. Alle stirde på denne vesle kvinna som kom stabbane inn kyrkja på knea med fotstubbane på slep.